

# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Arkiv nr: S678

Sak nr 3/2020

Møtedato: 11.2.2020 Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## S678, Nørre Trøllhøvd - søknad overføring av stølsjorde

Steinar Haugrud søkte i 2016 om å få overført stølsjorde F94/1/678 til Dokken 59/4 på Tøllhøvd. Eigar av Dokken, Knut Berge, har også signert søknaden. Det er ikkje stølsbygningar på stølen lengre og jorda har vore brukt til førproduksjon.


Berge og Haugrud har sendt følgjande søknad datert 10.10.16:

*Som eier av 44/5 og bruksberettiget til Klukkargardstølen br .nr. 617 på Trollhøvd, søker jeg om utvidelse av stølsjorde med det inntiliggende Dokkejorde br.nr. 678.*

*Eier/bruker Knut Berge som har lite eller ingen bruk av stølsjorde mener det er fornuftig at det blir dyrket slik det ikke gror igjen. Dersom Stølsvegen blir lagt om kan det bli ett sammenhengende jorde.*

Det er planlagt ei omlegging av vegen slik at 617 og 678 kan samanføyast til eit jorde, jf. skisse. Behandling av søknaden har vore utsett i påvente av avgjerd i vegomlegging. Haugrud og Berge er positive til at stølsvegen kan bli lagt om. Avgjerd frå stølsvegen om å leggja om vegen har teke lengre tid enn berekna og det er uvisst når dette blir gjort. Søknaden bør derfor no behandlast og ein kan heller ta etterhald om vegomlegging.

Kart over 678



Kart over planlagt vegomlegging



Landbruksavdelinga i kommunen tilrår søknaden, jf. e-post datert 4.2.20: *Vestre Slidre kommune har ingen merknader til søknaden om overføring fra 94/1/678 til 94/1/617. Ser det som ei praktisk og god løysning for Stinar Haugerud, når ikkje Knut Berge har nytte av jorda.*

Fjellova § 20: *Seter i statsallmenning kan med samtykke fra fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen.*

*Utvist tilleggsjord kan med samtykke fra departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen. Utvising av tilleggsjord er delegert fjellstyret jf. §20 i stølsforskrift.*

Stølsforskrift §20. *Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming*

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbete som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtjør behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

*Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.*

*Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrkning i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrkning eller overflatedyrking etter forskrifter. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifa om nydyrkning.*

*Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.*

*Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.*

*Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.*

*Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.*

Sidan dette er areal som alt er teke i bruk og gjerda inn, treng ikkje søknad sendast til uttale jf. andre avsnitt i §20 i stølsforskrift.

Det ligg eit fritidsfeste på det arealet som i dag er registrert som stølsutvising. Det kan vera naturleg å endre arealet slik at hyttefeste blir liggande utanom utvisinga. Kor grensene skal gå må ein avgjera etter befaring på staden.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret vedtek etter §20 stølsforskrift å overføre stølsjordet 678 som tilleggsareal til S617. Søkjaren har samtykka i at stølsveg kan bli flytta inn på jordet. Grenser mot fritidsfeste 48 blir avgjort etter befaring.

**Vedtak:**

Fjellstyret vedtek etter §20 stølsforskrift å overføre stølsjordet 678 som tilleggsareal til S617. Søkjaren har samtykka i at stølsveg kan bli flytta inn på jordet. Grenser mot fritidsfeste 48 blir avgjort etter befaring. Frist for å rydde opp i dårleg gjerde blir satt til 1. september.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Steinar Haugrud  
Knut Berge  
Vestre Slidre kommune  
Statskog